**FJALER KOMMUNE**
**Kulturkontoret**

Kommunal og regionaldepartementet
BULYST
postmottak@krd.dep.no

| Vår ref. | Dykkar ref. | Arkiv | Dato: |
|---|---|---|---|
| 10/296-21/IOT<br>11/4382 | | K1-233, K2-C | 31.05.2011 |

**Bulystprosjektet PreForm -Sluttrapport og rekneskap**

Forprosjektet PreForm er no avslutta og vi leverer med dette sluttrapport og rekneskap for dette.

Forprosjektet hadde eit totalbudsjett på 280 000 kroner – og løyvinga frå Kommunal og regionaldepartementet var på 200 000. 50 000 av desse er allereie utbetalt, så vi ber difor om utbetaling av restbeløp på kroner 150 000 til Fjaler kommune, kontonummer 3755.07.10103. Fint viss tilskotet kan merkast prosjekt 8910.

Takkar for støtta og håper på framleis samarbeid i eit eventuelt hovudprosjekt.

Med helsing

Ingeborg O. Tysnes

Ingeborg Opdøl Tysnes
*kultursjef*

Direkte tlf: 57738044


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Org.nr | Bankgiro: | Innbetaling skatt |
|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 54<br>6961 DALE I SUNNFJORD | 57 73 80 00<br>E-post: post@fjaler.kommune.no | 57 73 80 01 | 864968422 | 3755 07 10103 | 6345 06 14299 |

# *PreForm*

*FUTT i Fjaler er ei tverrfagleg gruppa, etablert hausten 2008, som skal jobba med folketalsutvikling, trivsel og tryggleik – og består av folk med bakgrunn innan kultur, landbruk, næring og det politiske feltet. Vi hadde diskutert omdømmetema, sett på folketalsutviklinga og var klar på Fjaler sine sterke og svake sider. Og då invitasjonen frå Kommunal og regionaldepartementet om Bulystmidlar kom våren 2010, stod vi klare til å søkje.*

*Bakgrunnen for søknaden er ei lang historie der ein har fått etablert ulike institusjonar i kommunen – Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen, United World College og Designsenteret Transplant – noko som har gjeve oss eit særpreg innan kunstproduksjon og det internasjonale som vi hadde lyst å satsa på vidare.*

*Det viste seg at det var god timing. Fleire kunstprodusentar stod klare til å etablere seg i kommunen og hadde utfordringar som vi fann ut at vi kunne ha mogelegheit til å løyse med Bulystmidlar.*

*Vi ser at det fagmiljøet vi har klart å etablere gjev ringverknader – både fordi det trekker til seg andre innafor same og liknande kreative miljø – men vi håper også at det framover i større grad skal påverka bulysta til alle innbyggarane i kommunen. Vi håper at dei estetiske faga på skulane våre vil verta styrka, at fritidstilboda vil verta meir mangfaldige og at også dette fagmiljøet vil påverka dei fysiske omgjevnadane våre.*

*Gjennom det året vi har jobba med forprosjektet har vi vorte styrka i truen på at dette er eit prosjekt som det er riktig å satse på og at det vil vidareutvikle vårt særpreg og gjere Fjaler til ein kommune med vidare vekst.*

*Ingeborg Tysnes*
*Kultursjef*

Innhald

*Samandrag –kort omtale av prosjektet*

1. ***Bakgrunn*** *side 2*

2. ***Visjon*** *side 3*
2.1. *Mål*
2.2. *Operative mål*

3. ***Rammer***

4. ***Grunnlag for vidare satsing*** *side 5*
4.1. *Teoretisk tilnærming*
4.2. *Bulystprogrammet og det regionale plan og tiltaksapparatet*
4.3. *Utviklinga i Fjaler – eit ope samfunn*
4.4. *Verkemiddel for kunstproduksjon og kreative næringar*
4.5. *Fagmiljø* *side 8*
4.6. *Fysiske ressursar*
4.7. *Etableringar i Fjaler. To ulike historier om kreative produkt og høg fagkompetanse*
4.8. *Kartlagde utfordringar i forprosjektet*
4.9. *Avgrensingar og konklusjon* *side 13*

5. *Plan for vidare arbeid med PreForm som hovudprosjekt* *side 15*
5.1. *Målgrupper*
5.2. *Rammer*
5.3. *Organisering*
5.4. *Arbeidsmodell*
5.5. *Lokalisering*
5.6. *Kompetanse*

6. *Tiltak og ressursmål* *side 17*
7. *Resultatindikatorar og effekt* *side 20*
8. *Risikoanalyse* *side 22*
9. *Framdriftsplan – oppfølging og milepælar* *side 22*
10. *Økonomi* *side 22*
11. *Oppsummering - vidare drift etter prosjektperioden* *side 22*

*Rapportvedlegg* *side 23*
*Andre vedlegg* *side 24*
*Referanseliste* *side 24*

# Rapport forprosjekt - PreForm – Fjaler Kommune
**Kommunal - og regionaldepartementet: Bolyst**

- *Kan ein liten kommune i bygdenorge med 2909 innbyggarar vere ei drivkraft i norsk profesjonell kunstproduksjon?*
- *Kva har dette å seie for innbyggarane i kommunen?*

## *Samandrag – kort omtale av prosjektet*

Fjaler kommune har ei lang historie der det *internasjonale* og *kunst og kultur* har vore viktige element i samfunnsutviklinga. Fleire med bakgrunn innanfor kunstproduksjon og dei kreative næringane har funne miljøet denne satsinga har skapt attraktivt og har etablert seg her. Miljøet fører til at Fjaler er i ein unik situasjon som arena for kunstproduksjon på den norske bygda.

Fjaler har ikkje nødvendig infrastruktur til å vidareutvikle denne ressursen. Tiltak er heller ikkje sterkt forankra i noverande planar. Fjaler kommune ynskjer å vidareutvikle sin kompetanse og ser at miljøet er ein viktig ressurs for framtida.

Miljøet i Fjaler kan og skape grunnlag for å få meir kunnskap om kunst**produksjon** som ressurs i norsk bygdeutvikling.

Vi ynskjer å vidareutvikle denne ressursen, utvikle ein modell som sikrar at kompetansen vert verande i kommunen og prøve ut tiltak og verkemiddel. Vi vil samtidig sjå på kva synergieffekt satsinga har for innbyggarar og næringslivet elles.

Vårt viktigaste verkemiddel er å vidareutvikle det profesjonelle fagmiljøet, styrke infrastrukturen og syte for ein interaksjon mellom kunstprodusentane og innbyggarane i regionen.

Prosjektet har ei tidsramme på 3 år. Dette er kort tid for å bygge opp nødvendig kompetanse og måle effekt i ein liten kommune med små ressursar til rådgjeving og utvikling. Kunstproduksjonen og den kreative næringa i Fjaler har høg fagleg kvalitet og vil trenge spesialisert rådgjevingskompetanse.

Vi vil utvikle modellar for å sikre rask effekt og forankre arbeidet i kommunen sine planar.

Modellen byggjer på eit tett samarbeid med målgruppe 1, der vi leiger inn nødvendig spisskompetanse for å vidareutvikle produkta og produksjonen.
Det skal utviklast manualar som sikrar og ønska effekt og rapporteringsrutinar.

Grunnlag for modellen:




I arbeidet ynskjer vi å samarbeide med Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjennom LUK – programmet.

## 1. Bakgrunn

Kunstproduksjon og kreative næringar er eit så viktig kjenneteikn på utviklinga i Fjaler kommune at det var naturleg å velje ei slik satsing til Kommunal - og regionaldepartementet si sitt program Bulyst.

Prosjektet si hovudoppgåve var å undersøke om det var mogeleg å vidareutvikle Fjaler kommune som arena for internasjonal kunst og kulturproduksjon.

Gjennom arbeidet ser vi fire satsingsområde :

- Visuell kunst
- Design
- Scenekunst
- Litteratur

I tillegg til enkeltpersonar innanfor områda er desse satsingane forankra i Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen, Designcenter Transplant, Scenekunst - produksjonsselskapet Sandsund/Lie, Jakob Sande-selskapet.

Vi ser at departementet legg vekt å at arbeidet også kan samordnast med andre statlege program. LUK (Lokal Samfunnsutvikling i Kommunane) Sogn og Fjordane Fylkeskommune har sett av ressursar til å vidareutvikle si rådgjevingsteneste til kommunane i arbeidet med mobilisering og lokal utvikling.

Det er ikkje gjort undersøkingar av miljøet i Fjaler – men på resultata til Irene Tinagli frå 2009; *Norway in the Creative Age* skåra Fjaler høgt på kreativitet. Fjaler var og på 20. plass av dei mest internasjonale kommunane i Norge. (Vedlegg 1).

I 2010 vart det 4 registreringar i Brønnøysundregisteret innanfor kreativ næring.

Hovudutval for plan og næring i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde i mars 2011 vedtak om innvilga kr 200.000,- som signal om vidareføring av arbeidet.

## 2. Visjon

*Fjaler :* Bygdenorge sitt knutepunkt for kunstproduksjon og kreative næringar.

### 2.1. Mål

1. Vidareutvikle eit fagmiljø som gjer kunstprodusentane i Fjaler attraktive for den nasjonale og internasjonale marknaden.

2. Skape og bygge ein *fleksibel* infrastruktur for kunstprodusentar i Fjaler knytt til;

   a. Produsenttenester og rådgjeving
   b. Frie produksjonsmidlar
   c. Produksjonslokale
   d. Bustader

3. Våre mål knytt til LUK:

   a) Utvikle og ta i bruk modellar for rådgjeving til kunstprodusentar i distrikta.

   b) Undersøke synergieffektar av kunstproduksjon som lokal utviklingskraft

   c) Innarbeide erfaringane i planverket til Fjaler kommune, og bidra til at desse erfaringar kan brukast av andre.

**4.** Styrke Fjaler sitt omdømme og gjere kommunen og regionen til ein meir attraktiv stad å bu, gjennom tilrettelegging for interaksjon mellom kunstprodusentane og lokalsamfunnet elles.

## *2.2. Operative mål*

*a) Utvikle ein fleksibel infrastruktur.*

*Utvikle meir fleksibilitet i dei generelle tenestene til Fjaler kommune som barnehageplassar, bustad m.v og innarbeide dette i kommunen sine planar. Opparbeide ein infrastruktur i Fjaler som inneheld produksjonslokale, ressursar til rådgjeving og utviklingsarbeid .*

*Ei tidsramme på 3 år er kort tid og kommunen har eit lite rådgjevingsmiljø. Ein føresetnad er at kompetansen blir verande i kommunen. Produksjonsmiljøet i kommunen har høg fagleg kompetanse. For å møte desse utfordringane ser vi for oss ein modell der vi hentar inn spisskompetanse på prosjektbasis for rådgjeving og utvikling – sjå modell.*

*b) Fagleg utvikling:*

*Arrangere nettverkssamlingar, workshop for dei ulike fagmiljøa. Bruke frie produksjonsmidlar som verkemiddel til for å sikre produksjonar på høgt fagleg nivå. Elles sjå modell for rådgjeving.*

*c) Luk programmet:*

*Utvikle og bruke modellar for rådgjeving som tek omsyn til rammene til små kommunar; der vi ikkje har store visningsarenaer, stor lokal marknad, stort fagmiljø m.v. Ein må og ta omsyn til distrikts- og kulturpolitiske trendar og utvikling på nasjonalt og internasjonalt nivå. Modellen må ha overføringsverdi til andre kommunar i bygdenorge.*

*Starte samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune og gjennomføre eit prosjekt der vi ser på synergieffektar av kunstproduksjon som lokal utviklingskraft.*

*d) Sikre lokal forankring – omdømme og attraktivitet på samfunnsnivå.*

Bruke lokale og nasjonale støtteordningar til å forankre *produkt, prosess* eller *tenester* i lokalmiljøet og /eller legge til rette for at kunstprodusentane kan bruke eigne ressursar i lokalmiljøet på frivillig eller profesjonell basis.

*e) Innarbeide tiltak og strategiar i planarbeidet i kommunen og Fjaler næringsutvikling.*

## 3. Rammer

Forprosjektet PreForm starta hausten 2010
Fjaler kommune er prosjekteigar og det er tilsett prosjektleiar i 50% stilling.
Det er etablert eiga styringsgruppe:

| | |
|---|---|
| *Direktør - Førdefestivalen:* | Hilde Bjørkum |
| *Informasjonsrådgjevar i Sfj fylkeskommune*: | Henning Rivedal |
| *Direktør Drammatikkens hus:* | Kai Johnsen |
| *Rådgjevar Mentor A/S :* | Pål Dahl |
| *Kulturleiar Fjaler Kommune:* | Ingeborg Opdøl Tysnes |
| *Leiar - Fjaler næringsutvikling*: | Linda Hovland |

Kulturleiar og leiar i Fjaler næringsutvikling har fungert som arbeidsgruppe

Prosjektleiar: Ingrid Hansen - *Ingrid Hansen - kulturproduksjon*

I prosessen har det vore nær kontakt med målgruppa gjennom opne møte, arbeids/informasjonslunsjar, individuell kontakt og rådgjeving.
Vi har hatt kontakt med ei rekke fagmiljø, institusjonar på regionalt og nasjonalt nivå og hatt møter med Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Distriktssenteret.

## 4. Grunnlag for vidare satsing.

I samarbeid med Distriktssenteret starta vi kartlegging for å hente erfaringar og samanlikningsgrunnlag for det vidare arbeidet. Spørsmålet som vart naturleg å stille seg etter denne kartlegginga var:

- *Kan ein liten kommune i bygdenorge med 2900 innbyggarar vere ei drivkraft i norsk profesjonell kunstproduksjon?*
- *Kva har dette å seie for innbyggarane i kommunen?*

### 4.1 Teoretisk tilnærming:

Mange studie og rapportar konkluderer med at den kreative næringa har verdi som lokal utviklingsaktør. Det er mange erfaringar å vise til der ulike former for kunst og kultur vert brukt i stadutviklinga på samfunnsnivå og direkte i næringssamanheng. Det vert lagt vekt på lokal identitet, staden sitt særpreg, synergi til andre næringar osb. m.v.

Statistisk sentralbyrå og fleire studie viser at kulturnæringa har utvikla seg mest i og rundt dei store byane. Fjaler sin geografiske plassering, folketal (ca 2900 innbyggarar) og regiontilknyting (HAFS – regionen) ligg i eit område som gjer det vanskeleg å samanlikne direkte med andre sine erfaringar og prosjekt.

I arbeidet valde vi å sjå på nærare på forsking og erfaringar frå andre prosjekt i Norge og offentlege utredningar og strategiar innanfor lokal samfunnsutvikling, kultur og næringspolitiske trendar på nasjonalt og regionalt nivå.

Sentrale dokument:

- Østlandsforsking; Rapport nr 12/2008 – Kulturnæringene i Norge Muligheter og utfordringer
- Norlandsforsking; arbeidsnotat: nr 1002/2009 - Kulturbasert næringsutvikling i distriktene.
- Stortingsmelding 25 /2008 -2009 – Lokal vekstkraft å framtidstru Om distrikts og regionalpolitikken
- Kultur og Næring: Nærings og Handelsdepartementet: Publikasjon K0698B Handlingsplan – Kultur og næring.
- Kuturnæringsatsinga i Vadsø - www.hermetikken.no

## 4.2 Bulyst programmet og det regionale plan og tiltaksapparatet.

Hovudmålet til Bulyst- programmet er å legge til rette for at kommunar innanfor det distriktspolitiske virkeområdet blir meir attraktive å bu i og flytte til.

*Eit av verkemiddela er Kulturbasert stad - og næringsutvikling.* Dette er ei vidareføring av Stortingsmelding 25 (2008 – 2009): "Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts - og regionalpolitikken." Det spesielt vert vist til kap. 7 : Styrking av entreprenørskap og nyskaping; "Lokal vekstkraft nedanfrå."

Departementet legg vekt å at arbeidet også kan samordnast med andre statlege program. LUK (Lokal Samfunnsutvikling i Kommunane) er eit ei pågåande satsing der Sogn og Fjordane Fylkeskommune har sett av ressursar til å vidareutvikle si rådgjevingsteneste til kommunane i arbeidet med mobilisering og lokal utvikling.

Dette fell elles inn fleire i satsingsområdet, planar og strategiar i Sogn og Fjordane fylkeskommune og visjonen: *Livskvalitet og nyskaping i Sogn og Fjordane; oppretthalde folketal; spennande arbeidsplassar , unge etablerarar. Kunst og kultur er skapande krefter, få unge kunstar til å etablere seg i fylket m.v*

*Sogn og Fjordane Fylkeskommune LUK*
PreForm har hatt møter med Sogn og Fjordane Fylkeskommune si kulturavdeling og avdeling for plan og samfunn. Dei lokale prosessane som er sett i gang viser at dei etablerte miljøa har ei vekstkraft som allereie viser resultat. Dette vil gjere det mogeleg for ein liten distriktskommune å sjå på kva effektar den kreative næringa har for omdømme og attraktivitet, og utvikle modellar for rådgjeving og forankre kunnskapen lokalt. Planlegging av dette arbeidet vert gjort i samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjennom LUK programmet.

*Tiltaksapparatet*
Utover enkeltprosjekt som har fått støtte frå Innovasjon Norge ,Fjord Inkubator, Norsk Kulturråd og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har vi informert om prosjektet til aktuelle framtidige samarbeidspartar – Kunnskapsparken, Arena , Siva, Fjord Invest m.v.

*Kommunal forankring:*
Fjaler kommune er prosjekteigar og planen er utarbeidd i nært samarbeid med administrasjonen i kommunen og Fjaler næringsutvikling. Satsinga vil bli innarbeidd i kommunen sine planar når desse er til revisjon hausten 2011. Det er gitt informasjon om prosjektet til Fjaler kommunestyre og drøftingar i Fjaler formannskap. Vi ser og at dei politiske partia legg vekt på infrastruktur til kunstproduksjon i utarbeiding av sine program for kommande val.

## 4.3 Utviklinga i Fjaler – eit ope samfunn

Fjaler har ei lang historie der det internasjonale og kunst og kultur har vore drivande krefter i samfunnet. Historia kan langt attende vise til kreative gründarar og eit samfunn som har vore open for impulsar utanfrå. Kommunen har *"eit ope samfunn"* som sin visjon og har vist mot og gjennomføringsevne. (Vi viser til notat av Henning Rivedal som tek for seg deler av denne historia – Vedlegg 2 ).

I den seinare tid har dette mellom anna har resultert i etableringar på 1990 talet; Institusjonane på Haugland; Røde Kors Nordisk United World College og Haugland rehabiliteringssenter og software bedrifta Elis. I denne perioden vart og Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen og Jakob Sande Selskapet etablert. Etableringa av Designcenter Transplant er eit resultat av denne satsinga. Produksjonsselskapet for scenekunst Sandsund/Lie vart etablert i 2010.

Talet på aktive kunstnarar i Fjalermiljøet aukar. I 2010 vart 4 personar registrert i Brønnøysundregisteret innanfor kreativ næring. Siste halvåret har vi fått førespurnad frå 6 kunstnarar som ynskjer å etablere seg i kommunen. Dette er personar med bakgrunn frå scenekunst, visuell kunst og design - alle med profesjonell bakgrunn og ressursar for vidare utvikling. Nokre av desse er allereie engasjert i produksjonar i kommunen.

Ordføraren vert invitert til kulturkonferansar for å snakke om Fjaler og satsinga her. Det skal produserast 5 profesjonelle scenekunstproduksjonar i Fjaler i 2011- sjølv om infrastrukturen ikkje er kommen på plass. Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane vedtok på årsmøte i mars -11 at dei ville legge si produksjonseining og administrasjon til Fjaler. Dette skjer før prosjektet er komme i gang.

## *4.4 Verkemiddel for kunstproduksjon og kreative næringar.*

*Rapporten "To mål -to midler – økt kunnskap om virkemiddel i kulturnæringene" 2010* viser kva tiltak kunstprodusentane ser på som viktige verkemiddel for vidare utvikling.

Signala frå Fjalermiljøet stemmer med desse om ein tek omsyn til lokale forhold.

- Produksjonslokale
- Små einingar - hjelp til administrasjon –utvikling - kommersialisering
- Planlegging – uforutseieleg økonomi.
- Profesjonalisering - lite skilje mellom arbeid og privatliv
- Produsent – eigen adm ressurs i tillegg til eigen fagressurs

- Visingsarenaer
- Meir fleksibel bustadmarknad – og større overnattingskapasitet.

I tillegg er frie produksjonsmidlar eit etterspurt verkemiddel. Ein kan med små midlar utvikle nye idear, produksjonar og i større grad sikre kvalitet og gode samarbeidspartar (medfinansiering ) i prosjekta. Vi viser til vedlagde artikkel av Direktør ved Dramatikkens hus Kai Johnsen; "kulturkott med INNHOLD" – frå Magasin & Program Vår 2011.- (Vedlegg 3 ).

### 4.5 Fagmiljø

I prosessen har det vore nær kontakt med målgruppa gjennom opne møte, arbeids/informasjonslunsjar, individuell kontakt og rådgjeving.
Vi har hatt kontakt med ei rekke fagmiljø og organisasjonar og har hatt møter med eksterne organisasjonar.

Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane vedtok på årsmøte i mars 2011 ein handlingsplan der dei vil legge sin administrasjon og produksjonseining til Fjaler og ynskjer å bidra til vidare utvikling av produksjonsmiljøet i Dale.

Kunstnarane har høg fagkompetanse og fagnettverket viser oss at det er knytt kontaktar til etablerte fagmiljøa på nasjonalt og internasjonalt nivå. Etter møte med distriktssenteret vart det laga ein artikkel få miljøet i Fjaler: Stemma frå Dale

Oppsettet nedafor gir eit bilete av omfanget av Fjalermiljøet – samlokalisering og enkeltpersonar.




**Samlokalisering:**
**Designcenter Transplant**
**Nordisk kunstnarsenter**
**Dalsåsen**
**Scenekunstprodusentane**
**Sandsund/Lie ANS**
**Tusenårsstaden og Jakob Sande-tunet husar kunstnarar frå ulike fagfelt.**

Miljøet i Fjaler har ein stabilitet som er knytt til Transplant, Nordisk Kunstnarsenter og Sandsund/Lie ANS.

I tillegg til BSFK si forankring i Dale byggjer stabiliteten og på andre produsentar som:

Tekstilkunstnaren Karina Siegmund som i dag er i gang med å utvikle Studio Soft – og er tatt inn i Fjord Inkubator med sin produktutvikling.

Kunstnaren Anne Lise Stenseth har Statens garantinntekt som basis for sitt arbeid og har atelier i Dale i same bygg som fotografen David Zadig.

*Utover dette* finn vi og andre enkeltpersonar og føretak i Fjalermiljøet. Dette er ei samansetning av personar som bur i eller er knytt til miljøet i Fjaler gjennom sitt arbeid. Ikkje alle har kunstproduksjon som einaste leveveg.

Fleire av desse arbeider innanfor fleire sjangrar – men vi har valt å presentere dette slik:

*Visuell kunst:*
Lillian Samdal
Lars Sture
Arild Bergstrøm
Jasmina Bosnjak
Steingrimur Eyfjord
Erik Hovland – kunststudent - London

*Scenekunst:*
Rolf Losnegård - dramatikar
Idun Losnegård – skodespelar
Jeff Pedersen - skodespelar
Laufey Elíasdóttir -skodespelar

*Litteratur:*
Gaute Losengård
Hilde Genberg
Ivar Orvedal

I andre fagmiljø:

*Film:*
Oddmund Haugen – Fjalerfilm
Mikal Hovland - student filmregi - Lillehammer

*Lyd:*
Steinar Audio – stor utstyrspark og kompetanse

*Produsent, kulturprosjektleiing*
Ingrid Hansen

*Musikk:*
Kåre Sandvik
Kristian Espedal
Øyvind Rye Dybvik
Hanne Heia Jahnsen

Gjennom sitt arbeid utviklar og tiltrekk desse personane seg andre kunstnarar som bidreg til miljøet i kortare eller lengre periodar. Vi arbeider og med å finne bustad til andre kunstnarar som ynskjer å etablere seg her. Vi har nett lukkast med ei etablering av eit islandsk par der ho er skodespelar og er med i to av scenekunstproduksjonane i 2011 og 2012.

Fleire av kunstnarane har ein fot i Fjalermiljøet i tillegg til andre produksjonsstader. Fleire av desse er knytt til produksjonsmiljø i utlandet. Andre er studentar – men har vokse opp og hatt deler av sitt kunstnariske arbeid i kommunen.

I dag er det 35 personar som er knytt til kunstproduksjonsmiljøet i Fjaler eksl. kunstnarane på Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen som er her i periodar på 3 til 6 månader.
Eit slik miljø vil alltid vere fleksibelt – men i dag har 28 av desse personane fast bustad i Fjaler eller med 30 min reisetid frå Dale. Om ein berre ser på satsingsområde i bulyst -prosjektet vert talet 24 personar.

### 4.6 Fysiske ressursar:

I tillegg til dei faste institusjonane / bedriftene har kommunen stilt produksjonslokale til disposisjon. Fleire av desse er knytt til kommunen sin Tusenårsstad – og Jakob Sande - tunet , og inneheld fire produksjonslokale og seks rom som kan brukast som fleksible produksjons- og visingsrom.

Vi har i forprosjektperioden arbeidd med finne lokalitet for prøvelokale for scenekunst i Dale og har hatt inne eit arkitektfirma; Rodeo arkitekter , i samarbeid med Sandsund/Lie ANS. Det vil vere ein omfattande finansierings og etableringsprosess som vi håper å arbeide vidare med i Bulyst – prosjektet. *I dag* gler vi oss over at det er peika seg ut eit lokale sentralt i bygda som er svært godt eigna til føremålet. Drøftingsmøte om avtale er sett til 01.06.2011. Av omsyn til andre partar i prosjektet kan vi ikkje konktetisere dette nærare på eit så tidleg stadium.

### 4.7 Etableringar i Fjaler.
### To ulike historier om kreative produkt og høg fagkompetanse.

**Sandsund Lie ANS**

Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie er begge teaterregissørar og produsentar for kunstfeltet. Dei har nyleg flytta sine arbeidsplassar frå Oslo til Sunnfjord, for å starte opp ei profesjonell produksjonseining for teater i Dale, og lage førestillingar for sal eller i samproduksjon med ulike scener og turneordningar.

Sandsund/Lie ANS vart starta i 2010 . Torkil Sandsund er frå Dale, og har hovudsakleg arbeidd ved ulike institusjonsteater, men har og røynsle frå å bygge opp kunst- og scenerom. Oppstart av livekunstgalleriet Podium i Oslo og oppbygging av Kabul Teater i Afghanistan. Prestøy Lie har hovuddelen av si røynsle som regissør og tekstforfattar i det frie scenekunstfeltet, og driv eit fast scenekompani.

Målet for produksjonsåret 2011 å teste ut ulike produksjon - og finansieringsmodellar for å hauste erfaringar:

*Eigne prosjekt*:

*Urmakarens Hjarte*, er utvikla av Sandsund/Lie og skriven av Miriam Prestøy Lie. Den er initiert av dei og har co-produksjonsavtalar eller speleavtalar med Førde Internasjonale folkemusikkfestival, Rogaland Teater, Black Box Teater, Trøndelag Teater og Sogn og fjordane teater (turne 2012), Det Norske Teateret. Til denne type forestlillingar er kulturrådet ei viktig finansieringskjelde.

*Oppdrag:*

Hordaland Teater har bestilt ei heil førestilling som vi skal levere premiereklar i september 2011 og som dei skal turnere med først i Hordaland og så i Sogn og Fjordane. Denne produksjonen *Delfinen* vert dekka 100% over Hordaland Teater sitt budsjett.

*Kulturelle skulesekken*:

Miriam Prestøy Lie lagar ei førestilling for den kulturelle skulesekken om *Belle Gunnes* saman med skodesplaren Marit Østby.

*Kurator/ produsent:*

Torkil Sandsund vil kuratere og produsere ei førestilling. Sandsund har funne eit tekst som han i samarbeide med nemnda i Vevringutstillinga har bestemt at vil kunne passe i deira kontekst. Sandsund/Lie vil produsere dette som ein mellomting mellom biletkunst og scenekunst. *Kunstgruppa D.O.R* er invitert og vil få det kunstnarlege ansvaret, medan Sandsund vil vere kunstnarleg rådgjevar. Prosjektet har førebels speleavtalar med Vevringutstillinga 2011

Sandsund/Lie har eit stort fagleg nettverk og satsinga deira har har fått stor merksemd i fagmiljøet. Sjå artiklar frå scenekunst.no: Ut av byane og Teatergrundere i Fjaler og vedlagde artikkel av Kai Johnsen – Kulturkott med INNHOLD.

For forprosjektet PreForm var det viktig å ha med Kai Johnsen – direktør på Dramatikkens hus i styringsgruppa som har lang erfaring og arbeider med utvikling av scenekunst i Norge.

Innovasjon Norge har gitt etableringsstøtte til satsinga med 800.000 i 2010, og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har støtta prosjektet gjennom frie produksjonsmidlar og tilskot til enkeltprosjekt.

Den største utfordringa til Sandsund /Lie i dag er prøvelokale. Produksjonane i 2011 vert gjennomført i ein gymsal ca 25 km frå Dale. Arbeidet med lokalisering av produksjonslokale er i gang.

Arbeide med den første produksjonen starta 09.05.11 Vi ser alt no at scenekunstproduksjon inkluderer lokalsamfunnet på mange ulike måtar.
Den første produksjonen har eit samla budsjett på om lag 1,9 mill.

**Transplant:**
Birgitta Ralston og Alexandre Bau kom som kunstnarar til Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen i 2003. Dei var då designarar lokalisert i Paris – men hadde ein draum om å starte opp ein eigen ide – laboratorium / designfabrikk i Los Angeles. Opphaldet i Fjaler gjorde at planane vart endra og Dale vart arena for paret si satsing. Dette resulterte i Decignfabrikken Transplant som vart opna i 2007.

Designfirmaet Ralston &Bau har eit stort internasjonalt fagnettverk. Kundane deira kjem frå alle kontinent. Arbeidet deira har fått stor merksemd nasjonalt og internasjonalt og er med å sette Fjaler og regionen på kartet verda over.

I tillegg til designfirmaet inneheld Transplant – Transplant Live; arrangement, workshop, møter, utstillingar osb. og eit materialbibliotek som er det einaste i Norden. Bygget er utskild i eit eigedomsselskap; Transplant Eigedom.

Designparet har og oppretta Ideal lab. Prosjekta i Ideal lab har til no vore finansiert av Norsk Kulturråd og andre offentlege instansar. Prosjekta tek utganspunkt det lokale – som *Delta lenger* *og* *Dyrbar mat*

Designfirmaet har i dag 8 tilsette. Ein av designarane er frå Dale og er flytta tilbake etter endt utdanning.

Designfirmaet Ralston & Bau har høg fagkompetanse og eit stort nettverk – designfirmaet går med overskot. Lokalisering i Dale er ikkje til hinder for eit internasjonalt nedslagsfelt. Hovudutfordringa har vore kostnadane på bygget – eit problem som framleis ikkje har fått ei 100% god løysing. Sjå atikkel "Vi er en drømmefabrikk – Dagens Næringsliv 26.04.2011.

## 4.8 Kartlagde utfordringar i forprosjektet:

### *a) Produksjonslokale:*
Kommunen har avgrensa lokale til disposisjon. Ei av dei store utfordringane er produksjonslokale til scenekunst som stiller heilt spesielle krav; store søylefrie lokale.

### *b) Bustad/overnatting:*
Som i mange andre bygder er det hus som berre er i bruk deler av året – eller hus som står tomme utan at eigaren ynskjer å selje eller leige ut. Fjaler er og ein av kommunane utan hotell og har eit avgrensa tilbod om tilfeldig overnatting.

Aktiviteten stiller krav til fleire typar buforhold og overnatting:

For å halde nede produksjonskostnader og gje eit godt tilbod til ei målgruppe som tradisjonelt ikkje har den mest stabile økonomiske situasjonen er det viktig å tenkje gode fleksible løysingar til låg pris. Bustad og reisekostnader vert ofte ein ekstrakostnad som produsentar i dei større byane ikkje treng i sine budsjett.

### c) *Rådgjevingskompetanse*
Kunst og kulturproduksjon har mange ulike finansieringsordningar og marknader. Mykje av ressursane byggjer og på den enkelte kunstnar sitt fagnettverk. Finansieringsprosessane er ofte knytt til sjølve produksjonen og ikkje i så stor

grad ved sal av produktet. Dette fører til at ein i tillegg til å ha kunnskap om det ordinere tiltaksapparatet og må ha brei kunnskap innanfor fagfelta.

Dei fleste innanfor denne næringa er etablert som enkeltføretak og produksjonen er prosjektorientert. Dette fører til vanskar med langsiktig planlegging og uforutseieleg økonomi.

Kompetanseutvikling på dette feltet må skje i samarbeid med kunstnarane og vi må hente inn spisskompetanse for å utvikle modellar som sikrar at kompetansen vert verande i kommunen.

***d) Bedriftsrådgjeving - økonomi***

Det er fleire særordningar innafor denne næringa – og vi ser allereie no at det er viktig å arbeide med å auke kompetanse innanfor dette område som skatt, moms, rekneskapsføring m.v.

***e) Langsiktig planlegging***

Mange av kunstnarane og dei større satsingane er etablert utan at dette er ein del av ei langsiktig planlegging i arbeidet til Fjaler Næringsutvikling og Fjaler Kommene. Politikarane har vist mot og gjennomføringsevne og etablert store prosjekt . Omdømme til kommunen har etter kvart ført til at produksjonen har fått eit omfang som fører vidareføring av arbeidet vert integrert i kommunen sine planar og budsjett.

### ***4.9 Avgrensingar - konklusjon***

Vi ser at departementet har kunnskap å bygge vidare på innanfor tema som:

a) Synergieffekt av kulturbaserte næringar (Eks Østlandsforsking m.fl.).

b) Nettverksarbeid og samhandling mellom kulturnæring og anna næring (Eks: VAKN – Bulyst - prosjekt på i Eid kommune).

c) Konkret samarbeid mellom kultur og andre næringsbedrifter. (Eks: Agderforsking).

*Særpreg i Fjaler*

Det særmerkte med Fjaler er eit omfattande *produksjonsmiljø* med sterkt fagmiljø som har stort nasjonalt og internasjonalt nettverk innanfor kunstproduksjon og kreative næringar.

PreForm har fått stor merksemd i fagmiljøa noko som har ført til at fleire vil etablere seg her, enkeltkunstnarar, organisasjonen til biletkunstnarane i Sogn og Fjordane m.v

Kunstproduksjon og kreative næringar er eit så viktig kjenneteikn på utviklinga i Fjaler kommune at det var naturleg å velje ei slik satsing til Kommunal - og regionaldepartementet si sitt program Bulyst.

Fire satsingsområde :

- Visuell kunst
- Design
- Scenekunst
- Litteratur

Vi meiner at ei satsing på *produksjon* i bygdenorge kan vere eit interessant tema å arbeide vidare med i eit bulystperspektiv.

I det vidare arbeidet har vi tatt omsyn til at vi må hente inn kompetanse utanfrå får å legge grunnlag for utvikling og verdiskaping.

Vi ynskjer å utvikle ein modell for arbeidet som gjer at kompetansen vert forankra lokalt og at den vert integrert i det vidare planarbeidt i kommunen.

*Overføringsverdi*
Vi meiner at kompetansen vi vil få gjennom dette prosjektet vil ha stor overføringsverdi til andre småkommunar og bygdesamfunn.
Vi tenkjer her på konkret rådgjevingskompetanse i tillegg til erfaring og utprøving av arbeidsmodell og kartlegging av synergi til andre næringar.

*Visningsarena*
Satsinga legg hovudvekt på produksjon for eksport. Investeringane som skal til for å bygge opp ein større visingsarena eller lokal marknad er ikkje prioritert i dette 3 årige prosjektet. Dette må komme som eit eventuelt resultat av satsinga. Vi tenkjer heller ikkje å legge hovudvekt på produkt til opplevingsnæringa /reiselivet.

*Regionalt samarbeid*
Hovudsatsinga vil bli etablert i Fjaler kommune. Vi gjere nytte av Fjaler sitt særpreg og omdømme. Det ikkje eit mål å inngå interkommunalt eller regionalt samarbeid på *organisatorisk* nivå. Samarbeidet i regionen vert knytt til *enkeltaktørar* i målgruppa som naturleg vil ha nytte av eit nettverk og fagmiljø og direkte produktsamarbeid. Eks: Aldateateret, Åmot Operagard, Bulystsatsinga VAKN på Nordfjordeid, Opera Nordfjord, Vevring - utstillinga, Sogn og Fjordane Teater, m fl.

*Kunstproduksjon*
Mange legg vekt på nettverksarbeid innanfor den kultur, kulturbasert næring og andre deler av næringa. Det er etter kvart mykje kunnskap om dette. I dette prosjektet vil vi legge hovudvekt på tiltak for å *auke produksjonen*. I arbeidet med LUK programmet vil vi og *kartlegge* verknader for andre næringar og samarbeide med Bulystprosjektet VAKN og andre etableringar som har sitt hovudfokus på kulturbasert næringsutvikling og nettverksarbeid.

# *5 Plan for vidare arbeid med PreForm som hovudprosjekt*

## 5.1Målgruppe:

1. **Profesjonelle kunstnarar og etablerarar av kreativ næring** som bur eller ynskjer å etablere seg i Fjaler eller nærområdet og bli ein del av produksjonsmiljøet i Fjaler.

2. **Innbyggarane i Fjaler og regionen:**
Satsinga vil medføre auka aktivitet for innbyggarar og næringsliv – føre til større attraktivitet og vidareutvikle Fjaler sitt omdømme som arena for kunstproduksjon

3. **Små kommunar og bygdesamfunn:**
Erfaringane og resultatet frå prosjektet vil ha ein overføringsverdi til små kommunar og bygdesamfunn.

## *5.2 Rammer*

Bulystprogrammet har ei avgrensing på 3 år – og i framdriftsplanen er det lagt opp til ei tidsramme frå september 2011 til september 2014.

Hovudfinansieringa av prosjektet er eit samarbeid mellom Fjaler kommune , Fjaler Næringsutvikling og Sogn og Fjordane Fylkeskommune i tillegg til statlege programmet. Prosjektet har ei samla kostnadsramme på vel 7 millionar kroner; fordelt på løner, honorar, infrastruktur, fagnettverk og samarbeidsstrukturar og utprøving av verkemiddel for næringa.

Personressursar:
Prosjektleiar i 100% stilling skal drive prosessen og hente inn nødvendig kompetanse som gjennom samhandling med kunstprodusentane og kommunen ser som trengst.
Dette betyr at det er fleire prosessar i gang samtidig. Prosjekta har ulik storleik og varigheit.
I starten av prosjektet vil det for eksempel vere behov for stor grad av planleggingskompetanse i tillegg til spisskompetanse.




## *5.3. Organisering*

Vi ynskjer å sikre at kompetansen vert verande i kommunen og derfor vil kulturleiar og dagleg leiar av Fjaler næringsutvikling vere sentrale i prosjektarbeidet.

Prosjekteigar: Fjaler kommune.
Satsinga vert organisert som prosjekt direkte under rådmannen. Det vil bli oppretta eiga ressursgruppe som kan tilføre ny kompetanse.

Det vert oppretta eit styre for prosjektet der det vert sikra representantar frå kunstprodusentane, kommune, næringslivet og faglege representantar på nasjonalt nivå.

## 5.4 Arbeidsmodell:

Arbeidsmodellen er utarbeidd med tanke på:

1. Sikre lokal og politisk forankring
2. Langsiktig og heilskapeleg planlegging
3. Søke spisskompetanse som skal bidra til verdiskaping og utvikling
4. Auke plan og rådgjevingskompetansen i kommunen
5. Vidareutvikle fagnettverk og marknad
6. Målretta effekt - 3 år er kort tid.
7. Gjennomføringsevne




## 5.5 Lokalisering

Prosjektet skal lokaliserast i Fjaler Næringsutvikling sine kontor i Dale sentrum, som kan fungere godt som prosjektkontor der ein har fleire prosessar i gang samtidig.

### 5.6 Kompetanse

Fleire av enkeltprodusentane og fagmiljøa har eit svært høgt fagnivå i nasjonal også i internasjonal samanheng. Det er viktig å hente inn spisskompetanse på prosjektbasis for å gjennomføre rådgjeving og utvikling.

I dette prosjektet vert det stilt store krav til prosjektleiar evene til struktur, organisering, planlegging og gjennomføring.

## 6 Tiltak – resultatmål i prosjektet

1. Vidareutvikle eit fagmiljø som gjer kunstprodusentane i Fjaler attraktive for den nasjonale og internasjonale marknaden.

| Tiltak | | Resultatmål |
|---|---|---|
| Nettverkssamlingar | Arrangere nettverksamlingar for det profesjonelle fagmiljøet i Fjaler. | Gjennomføre 7 nettverkssamlingar |
| Fagleg workshop | Arrangere workshop for fagutvikling i samarbeid med nasjonale eller internasjonale aktørar , eller som ein del av produksjon eller prosjektutvikling. | Arrangere 3 faglege workshop på internasjonalt nivå |
| Profesjonalitet og kvalitet | Sikre kvalitet og profesjonalitet gjennom fagleg utvikling, samarbeid og rådgjeving. | 1 av produkta eller kunstnarane skal motta pris for nyskaping. |
| Auke ressurs for frie produksjonsmidlar | Yte oppstartsmidlar som eit verkemiddel for å legge forholda til rette, auke sjansen for gode samarbeidspartar og kvalitet på produktet.<br><br>Inngå samarbeid med stiftingar og næringslivet for å opprette stipend i regionen. | Opprette 1 kunstnarstipend i perioden |

2. Skape og bygge ein *fleksibel* infrastruktur for kunstprodusentar i Fjaler knytt til;
    a. Produsenttenester og rådgjeving
    b. Frie produksjonsmidlar
    c. Produksjonslokale
    d. Bustader

| Tiltak | | Resultatmål |
|---|---|---|
| Auke kompetanse for rådgjeving og utvikling av kunstproduksjon og kreative næringar. | Syte for at kunnskapen vert lokalt forankra gjennom å utvikle lokalt tilpassa modellar med tanke på små miljø og få fagpersonar i rådgjevingsmiljøa.<br><br>Auke kompetanse i nært samarbeid med målgruppa og hente inn | Auke stillingsprosent på Fjaler Næringsutvikling med ein 100% stilling<br><br>Vidareføre og utvikle møteplass for |

| | | |
|---|---|---|
| | spisskompetanse for å drive nødvendig faglege eller organisatoriske prosessar vidare.<br><br>Auke kunnskap om tiltak og verkemiddel gjennom samarbeid med målgruppa, verkemiddelapparatet, og andre aktørar.<br><br>Innhenting av kunnskap gjennom samarbeid med andre prosjekt med felles målgruppe. Prioritere samarbeid med VAKN prosjektet i Eid kommune.<br>Ta i bruk verkemiddel som hospitering, kurs, arrangere fagsamlingar saman med målgruppa, verkemiddelapparatet og andre offentlege institusjonar.<br><br>I samarbeid med private aktørar; auke kompetanse på økonomisk rådgjeving , skatt, moms, organisering i selskapsformer m.v.<br><br>Auke kompetanse hos næringsutvikling- og rådgjevingsapparatet i samarbeid med verkemiddelapparatet. Sjå LUK<br><br>Tilby produsenttenester og utvikle god søkjekompetanse, og andre administrative tenester. | målgruppa – med møtefrekvens 2 gonger pr mnd.<br><br>Utvikle tett samarbeid med 1 internasjonalt kunstproduksjonsmiljø<br><br>Delta på kurs/konferansar og samarbeid med VAKN prosjektet 2 gonger pr år.<br><br>1 person skal auke sin kompetanse om økonomisk rådgjeving – ved hospitering. |
| Frie produksjonsmidlar | Sjå fagutvikling | |
| Auke tilgangen på produksjonslokale i Fjaler. Sikre eksisterande infrastruktur | Planlegge, finansiere og bygge opp produksjonslokale for kunstproduksjon og kreative næringar. Legge spesielt til rette for produksjon av scenekunst og sikre noverande arbeidsplassar. | Auke infrastrukturen med 1 produksjonslokale tilpassa scenekunstproduksjon |
| Bustader | Vidareføre Fjaler kommune sitt arbeid med å løyse den akutte bustadmangelen i samarbeid med private.<br>Hente erfaringar frå andre kommunar som arbeider med same problemstillinga.<br><br>Arbeide med strategiar for å frigjere bustader som i dag ikkje vert brukt av fastbuande og eventuelt finne gode løysingar for nybygg.<br><br>Starte prosessen med å invitere entreprenørar og interessegruppa til ope møte i mai 2011. | Det er bygd 10 bustader i Fjaler.<br><br>Gjennomføre 1 stor kartlegging av bustader og ledige lokale |
| Andre kommunale tiltak om sørvis og | Sikre informasjon om tenestene gjennom rutinar på kommunen sitt | Vedta eit fleksibelt barnehageinntak i |

| | | |
|---|---|---|
| fleksible tenester | sørviskontor og andre som gjev råd og rettleiing til personar i kommunen. Fjaler kommune har eit fleksibelt inntak i barnehagane i kommunen. | kommunen. |

3. Våre mål knytt til LUK:

- Utvikle og ta i bruk modellar for rådgjeving til kunstprodusentar og den kreative næringa i distrikta.
- Undersøke synergieffektar av kunstproduksjon som lokal utviklingskraft
- Innarbeide erfaringane i planverket til Fjaler kommune, og bidra til at desse erfaringar kan brukast av andre.

| Tiltak | | Resultatmål |
|---|---|---|
| Utvikle ein modell for rådgjeving til kunstprodusentar og den kreative næringa som arbeider i distriktsnorge. | Kartlegge målgruppa sine spesielle utfordringar med å produsere i distrikta og implementere dette i resultat av tidlegare forsking, kultur og distriktspolitiske trendar og verkemiddel, og fagutvikling. Jfr. rapportar; To mål to midlar, Kreative næringar i distriktsnorge, erfaringar frå VAKN modellen, Hermetikken i Finnmark, faglitteratur m.v.<br><br>Hente inn nødvendig kompetanse og bygge opp gjennomføre modellen og prøve denne ut i Fjalermiljøet | Modellen skal vere ferdig utvikla og tatt i bruk i prosjektperioden. |
| Vurdere synergieffektar av kunstproduksjon og kreative næringar som lokal utviklingskraft (også sett i høve til anna næringsliv). | Gjennomføre forskingsprosjekt der ein legg vekt på kva synergieffektar *produksjonen og produkta* har som lokal utviklingskraft . | Forskingsrapporten skal presenterast i administrative og politiske fora i fylke og på nasjonalt nivå |
| Auke rådgjevingskompetanse i samarbeid med kunstnarane og verkemiddelapparatet | Sjå ovanfor, | |

4. Styrke Fjaler sitt omdømme og gjere kommunen og regionen til ein meir attraktiv stad å bu, gjennom tilrettelegging for interaksjon mellom kunstprodusentane og lokalsamfunnet elles.

| Tiltak | | Resultatmål |
|---|---|---|
| Arbeide med prosjekt | Bruke lokalsamfunnet som *grunnlag for* | 2 produkt pr år skal |

| | | |
|---|---|---|
| som sikrar lokal forankring gjennom produksjonsprosessen, produktet, tenester eller frivillig arbeid. | *utvikling* av nye produkt.<br>Eks. Ideal Lab Transplant.<br><br>Utvikle *produkt* til den lokale marknaden (Kulturelle skulesekken, spaserstokken m.v. skulane kulturskulen, barnehagane m.v.)<br>Eks. Tekstilkunstnaren Karina Sigmund utviklar tilbod som skal brukast i grunnskulen i Fjaler, Nordisk Kunstnarsenter har lenge vore brukt som ressurs i grunnskulen og samarbeidd med andre lokale institusjonar.<br><br>Bruke *produksjonsprosessen* til å knyte til seg og utvikle lokal kompetanse og gje eit tilbod til innbyggarane.<br>Eks: Scenekunst - produsentane Sandsund/Lie samarbeider med lokale aktørar og utviklar ny kompetanse.<br><br>Scenekunstproduksjon tilbyr prøveframsyningar og innbyggarane.<br><br>Legge til rette for *tverrfaglege* produksjonar; bruk av lokal kompetanse, utvikle ny kompetanse for næringa.<br><br>Sikre finansiering av frivillige tiltak gjennom Sparebankstiftinga i Fjaler. Søkje anna finansiering av lokale prosjekt.<br>Eks: Barneteater, teaterfestival, kunstprosjekt knytt til lokale hendingar, rådgjeving og utvikling av frivillige tiltak, utvikling av nye frivillige tiltak. Kunst i offentlege rom , tettstadutvikling m.v. | bygge på ressursane i kommunen.<br><br>Grunnskulen i Fjaler og planlegg 2 kunstprosjekt pr år.<br><br>Kulturskulen og kunstprodusentane samarbeider om 1 nytt tilbod kvart år.<br><br>Det er oppretta nytt tilbod om barneteater med profesjonell tilrettelegging<br><br>Teaterfestivalen i Fjaler er organisert og gjennomført 1 gang.<br><br>Teaterproduksjon har ført til auka verdiskaping som tilsvarar 2 100% stillingar.<br><br>Det er gjennomført 1 tverrfagleg produksjon i Fjaler.<br><br>Folketalet i Fjaler er passert 3000 personar. 20 av desse er knytt til kunstproduksjon og kreativ næring |

## 7. Resultatindikatorar og effekt av prosjektet

| Tiltak | Resultatindikator | Effekt |
|---|---|---|
| Fagmiljø | | |
| Nettverkssamling Workshop | Fagleg nettverk og kompetanse vert styrka | Auka produksjon og verdiskaping. |
| | Fjaler er marknadsført som produksjonsstad i fagmiljø på nasjonalt og internasjonalt nivå | Omdømme attraktivitet |
| Frie produksjonsmidlar | Kvalitet på produkt | Attraktivitet - omdømme |
| Rådgjeving og utviklingskompetanse | Auka ressursar | Styrka næring |
| Ekstern spisskompetanse | Ny kunnskap ligg att i kommunen | Styrka rådgjevingskompetanse og næring |

| | | |
|---|---|---|
| Kunnskap om tiltak og verkemiddelapparatet | Oversikt over vekemiddel | Styrke næring<br>Styrke rådgjevingskompetanse |
| Samhandling | Auka kunnskap, nettverk, | Sjå mogelegheiter og utviklingspotensiale |
| Samarbeid med private lokale tenester. (økonomirådgjeving) | Utvikle lokal rådgjevingskompetanse til næringa. | Styrke verdiskaping innanfor kommersiell næring |
